

Utanom årsmøtet har styret berre hatt fire styremøte i 2017, men det bygningsmessige arbeidet har vore omfattande også dette året. Ingen nye bygg har vorte reiste, men kledningen har vorte ferdig skifta, og bedehuset malt. Vindaugo på handikaptalettet har også vorte skifta. Eit par av vindaugo på vestsida må også skiftast når våren kjem.

Styret har vore det same sidan 2011, og dette har gjeve stabile arbeidstilhøve. Alle kjenner alle rutiner. Sølvi Sivertsen har vore nestleiar, Nils Vestrheim kasserar og altmoglegmann, Inger Christensen og Jorunn Moen styremedlemer. At Inger og Else har bytta plass, har inga praktisk betydning, så lenge begge er med på alt. Gudrun Rikstad har vore vara heile tida. Tusen takk for eit godt arbeidsår til alle. Det same til Trygve og Bjørg, som ikkje er med i styret, men alltid stiller opp når det trengs! At Hella bedehus har god økonomi er takka vere innkoma på Sommarbasaren. Forskjellen mellom Hella og andre bedehus på dette området heiter Kirsten.

At eg i tillegg til å ha eit fantastisk styre, også har ein fantastisk medarbeidar i mi eiga kone, gjer at eg føler meg privilegert. Tusen takk også til Helen!

I år er det Inger, Nils og Sølvi som står på val, i tillegg til Gudrun og Else som varafolk og Åsmund Stray Nordberg som revisor.

Hella, 4.mars 2018

Steinar Vågenes
Steinar Vågenes

Nilsa Bjørke
Bjørg Solbrett